

## ÅRSMELDING 2012 VALLDAL IDRETTSLAG

### Styret 2012 -

Einar Hoel	leiar
Lars Bjarne Sandnes	nestleiar
Arvid Frostad	kasserar
Karianne Vestre Døving	skrivar
Yvonne Dale	styremedlem, ansvarleg klubbhus
Ellisiv Valdal Jarvik	leiar fotball gruppa
Magne Eivind Glomnes	leiar friidrettsgruppa
Kristi Linge Stakkestad	leiar langrennsgruppa
Dagrunn Rem	leiar trimgruppa
Trond Håvoll	1. varamedlem
Torkjell Bjørstad	2. varamedlem

### Styrearbeid -

Det har vore gjennomført 7 styremøter i 2012. Det har vore godt oppmøte til styremøta og styret har stort sett vore fulltalig. Samarbeidet i styret er godt.

### Medlemstal –

For 2012 er det registrert 279 betalende medlemmar

### Representasjon –

Einar Hoel er Valldal IL sin representant i styret i Norddal Idrettsråd.

Anders Rem har møtt i styret for Valldal Samfunnshus.

Einar Hoel har delteke på anleggsmøte i Møre og Romsdal Idrettskrets/Møre og Romsdal Fylke

Einar Hoel var utsending til Møre og Romsdal Idrettskrets sitt ting i 2012. I samband med dette deltok han også på "Møteplassen" idrettskretsen sitt årlege faglege forum.

Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune

### Arbeid gjennom året –

Fokus i 2012 har i stor grad vore på anleggsida. På sist årsmøte vart det vedteke rehabilitering av klubbhuset. Dette arbeidet starta opp hausten 2012 og arbeid på kjøkken og gang er no ferdig. Neste steg er utandørs arbeid. Total kostnad er inntil kr 750.000. Anlegget har fått idrettsfunksjonell godkjenning i Norddal kommune. Søknad om spelemidler er sendt og Norddal kommune har bevilga inntil kr 250.000 i støtte.

Sist årsmøte vart vedtok å starte planarbeid for rehabilitering av Valldal stadion. Ei arbeidsnemnd er sett ned og har kome i gong med arbeidet, utan at førebels er utarbeidd konkrete planar. Eidsdal IL og Norddal kommune har gjort avtale om opprusting av Langereiten stadion og dette kan påverke framdrifta i vårt arbeid.

Storfjord Helsesenter vert plassert på område der det har vore sandvolleyballbaner.

Etter eit tidleg initiativ overfor Norddal kommune for å få erstatta baner på rådhusmarka er det også gjort initiativ overfor Valldal Grønt for å bruke areal på deira eigedom på Murigrandane. Det føreligg ikkje avklaring omkring dette enno.

Valldal Idrettslag deltok på Idrettsforbundet sin kampanje Mobilretur i 2012. 310 brukte mobiltelefonar vart samla inn som ga kr 10.850 i inntekt.

Laget fekk etter søknad tildelt hjartestartar frå Sparebanken Møre i 2012. Denne er plassert på klubbhuset.

Det vart kjøpt tidtakarsystem med brikker for elektronisk tidtaking. Brutto kostnad om lag kr 100.000. Før sommararrangementa vart det også kjøpt inn bord og benkar til utebruk. Kostnad om lag kr 40.000. Dette er utstyr som kan leigast ut.

Det er vedteke å kjøpe inn klubbgensarar som medlemmar i laget kan få kjøpe. Desse er no i bestilling.

Idrettsskulen for barn 6-10 år har vore i gong både sist vinter og siste haust. Særleg i haust har oppslutninga vore god med deltaking frå om lag 30 barn. Elevar frå Stranda v.g.s er leigd inn som leiarar.

Nettsida [www.valldalil.no](http://www.valldalil.no) er "oppe og går" og vert brukt særleg som informasjonskanal, men også for å omtale aktivitet i laget og ulike grupper.

Det er inngått avtale med Stiftinga Verdsarv Geirangerfjord om skilting og vedlikehald av stiar i nedre Valldal. Dette er eit arbeid som gradvis er i gang.

Tilsette –

Det var i 2012 reinhaldar på klubbhuset. Arbeid vert utført i samsvar med instruks. Det er avtale med vaktmester på klubbhuset for å utføre førefallande arbeid.

Rekneskap vert ført ved Norddal Rekneskapskontor AS..

Arrangement -

Det vart arrangert marknad i april med god oppslutning. Marknadsnemnda var ansvarleg for dette

Olsok 2012 og Mefjellet opp vart i år arrangert av Valldal IL. Langrennsgruppa ønskte avløyning som hovudansvarleg for Olsok og laget stod bak i år. Mange var i aksjon å hjelpte til, men det er ei vanskeleg tid midt på sommaren så på nokre områder var det krevjande å få saman arbeidslistene. Totalt ga arrangementa om lag kr 100.000 i netto inntekt. Med bakgrunn i arrangementet vedtok styret at gruppene ikkje skal betale fellesutgifter. I tillegg vart kr 30.000 av overskotet fordelt tilbake til gruppene.

Valldal IL var i april medhjelpar på aktivitetsdag på Samfunnshuset for personar med nedsett funksjonsevne.

Det vert vist til gruppene sine årsmeldingar om deira aktivitetar og arrangement.

Økonomi –

Økonomien i laget er bra. Totalt hadde laget eit driftsresultat på om lag kr 0 i 2012. Det bør då takast omsyn til ein del større innkjøp som tidtakarsystem, ny klippar til grasbana og bord/benkar for utandørs bruk. Alt dette er utgiftsført. I tillegg er i 2012 betalt om lag kr 200.000 i samband med rehabilitering av klubbhus. Dette er ikkje ført i drift, men eige anleggsrekneskap.

I 2012 er det gjort mykje arbeid i Valldal Idrettslag, men også mykje arbeid står føre. Styret vil difor takke den enkelte som på ulike måtar har stilt opp for laget.

Valldal 25.2.2013

Einar Hoel      Lars Bjarne Sandnes      Arvid Frostad      Yvonne Dale      Karianne Vestre Døving

Ellisiv Valdal Jarvik      Magne Eivind Glomnes      Kristi Linge Stakkestad      Dagrunn Rem

## Årsmelding 2012 Valldal IL fotballgruppa

### **Styret har vore slik samansett:**

Ellisiv Valdal Jarvik (leiar)  
Anders Rem (nestleiar)  
Kjersti Magnussen (kasserar)  
Hege Bjørstad (sekretær)  
Knut Ove Myklebust (styremedlem)

Vara: Monika Lingås (møtande vara) og Håvard Sunde.

Oppgåvene har vore fordelte slik: Anders har vore ansvarleg for bane/anlegg. Monika har vore materialforvaltar. Knut Ove har hatt ansvar for kiosken.

Vi har hatt seks styremøter i løpet av året i tillegg til ein god del kontakt på e-post og telefon. I sesongen 2012 har vi hatt 10 lag med i seriesystemet. Etter sommaren greidde ikkje J16 å stille lag sidan nokre flytta på hybel. Vi hadde altså ni lag i serien i haustsesongen.

I tillegg til at laga har spelt i serien, har dei også vore med på ein eller fleire cupar. J16 og G14 (samarbeidslag med Nordal/Eidsdal/Geiranger) deltok på Norway Cup. Det er første gongen Valldal har hatt med lag her. Erfaringane og opplevingane var svært positive, og fotballgruppa har vedteke å støtte kvar spelar med 750,- til deltaking på Norway Cup ein gong. G13 var dei som reiste nest lengst på cup. Dette var på Selje Cup. Dette var også veldig positivt.

Nytt av året har vore at vi har hatt tre lag med på futsal. På KM deltok G13 og G14 (3. plass av 32 lag). J13 deltek vinterserien (kampar i desember, januar, februar og mars). Fire spelarar fødd 2000 har delteke på talentsamlingar i regi av Aafk. Vi har også i år hatt eigne keepertreningar for G/J12 og eldre. I mai arrangerte vi dommarkurs med instruktør frå fotballkretsen.

For å få pengar i kassa har dette vore gjort:

- Sal av sparekort
- Sal av annonser i programbladet som kom ut til sesongstart (ca. 36 000,-)
- Vakter på Kulå då DDE og Vassendgutane spelte til dans (ca. 14 000,-)
- Vakter på Ung Helg (ca. 2 000,-)
- Bingo i november (ca. 20 000,- i overskot)
- Kiosksal ved kvar heimkamp

Vi kjøpte i vår ny grasklippar til bana. Denne kan brukast både med oppsamlar og som bioklippar. Heile sesongen har vi brukt den som bioklippar. Dette har fungert veldig bra. Det går mykje raskare å klippe. I tillegg har bana vore svært fin i år. Kanskje har dette noko med bioklippen og gjere? Begge dei to gamle grasklipparane blei selde (ca. 14 000,- til saman).

Vi har fått dette tildelt dette frå sponsorar/støttespelarar:

- Tre draktsett frå Sparebanken Møre
- To draktsett frå Tafjord
- To draktsett frå Gjensidige

Klubbavtalen vi har med Intersport Rognve som gir oss framleis gode rabattar ved kjøp av utstyr. Vi fekk i haust ta ut bonusen vår for 2012 – varer for 10 000,- kroner. For dette fekk vi 10 innefotballar til gymsalen (utgifter delt med Valldal skule), fotballstrømper og anna utstyr.

Avtalen vår med G-sport på Stranda gjeld også for 2013. Her får alle «medlemmar» 20% rabatt ved kjøp av fotballutstyr.

Anders Rem og Kjersti Magnussen er fotballgruppa sine representantar i kunstgrasnemnda.

#### Arbeidsplan 2012

Fotballgruppa sin arbeidsplan for 2012 sa at vi skulle prøve å få i gang igjen «den gode, gamle» Valldalscupen. Vi hadde tenkt å starte i det små og inviterte lag i årsklassene G/J13 og 14 til cup i august. Cupen blei det ingenting av, og grunnen til det var at vi ikkje fekk nok lag til å melde seg på. Dette syns vi var veldig leit, men det blir arrangert veldig mange cupar rundt. Det er nok vanskeleg og «kome inn på marknaden».

#### Arbeidsplan for 2013 / langtidsmål

- \* halde fotballinteressa oppe også når ungane kjem opp i ungdomskulealder – greie å stille lag også i dei eldste klassene
- \* halde oppe talet på påmelde lag i serien
- \* alle skal få sjansen til å delta på Norway Cup mot slutten av aldersbestemte klasser
- \* i august skal vi arrangere treningshelg på stadion for G/J12 og eldre. I tillegg skal vi ha ekstra treningsøker for fleire årsklasser i lag, nokre gongar med litt sosiale aktivitetar utanom fotball.
- \* gjere bingoen vi arrangerte i november til eit årleg arrangement

Valldal, 09.02.13.

Ellisiv Valdal Jarvik

leiar i fotballgruppa, Valldal IL

## ÅRSMELDING 2012 FRIIDRETTSGRUPPA VALLDAL IL

Styret i friidrettsgruppa har siste året hatt følgjande samansetjing:

Magne Eivind Glomnes, leiar  
Kjersti Magnussen, nestleiar  
Lars Tomas Bersås, kasserar  
Håvard Sunde, styremedlem

Linda Løddøen har vore varamedlem.

Heidi Erstad Hoel var nestleiar til mai 2012, men etter hennar brå bortgang har Håvard Sunde vore fast styremedlem. Vi vil minnst Heidi som ei alltid positiv dame som stilte opp og bidrog til at arrangement vart trygt gjennomført. I friidrettsgruppa hadde ho bl.a. ansvar for å skaffe gevinstar til dei ulike arrangementa og dette gjorde ho på ein framifrå måte.

Leiar har vore med på eitt styremøte med Liabygda og Stordal der friidrettscup og treningar har vore diskutert, og eitt formelt styremøte med to saker i friidrettsgruppa. I tillegg har det vore kontakt mellom styremedlemene i høve arrangement sommar og haust utan at styret har hatt formelle møter. I 2012 var det berre Valldal/Liabygda cup som har vore arrangert lokalt i Valldal av friidrettsgruppa. Mefjellet opp og olsokarrangementet vart arrangert av heile idrettslaget dette året, men mange frå friidrettsgruppa stilte sjølv sagt opp både på Mefjellet opp og jordbærdilten også denne gongen.

### **Arrangement:**

#### **Valldal/Liabygda cup:**

I 2012 samarbeidde vi med Liabygda IL om friidrettscup. 6 cupar totalt; 3 i Valldal, 3 i Liabygda. Stordal valde å ikkje vere med på cupen, men var med og arrangerte eit litt større stemne som dei tre klubbane arrangerte i Stordal i slutten av august. Dette telde også i cupen. Samanlagt premie for 3 startar totalt. Det har vore bra oppslutning på heimebane, og 23 frå Valldal som fekk premie for deltaking i 3 cupar. Dette er det meste på mange år og det er ei positiv utvikling. Det vart ei enkel avslutning på klubbhuset i september med premieutdeling.

#### **Stafettar:**

Grendastafetten vart heller ikkje i 2012 vurdert tatt opp att etter to år utan. Norddalstafetten vart arrangert i Eidsdal 26. august, og vi må dessverre seie med svært dåleg deltaking frå Valldal. Det vart gjort forsøk på å stille minst fire lag, men vi greidde berre to lag. Sjølv desse var problematisk å få nok folk til. Terskelen for å stille opp på eit stafettlag er

kanskje blitt for stor, og den trenden må vi snu. Stafett skal vere gøy, og ikkje berre for godt trente utøvarar.

Dei to laga vi stilte med gjorde det bra, herrelaget vann og gutelaget vart nr. 2.

I handlingsplanen til friidrettsgruppa som vart laga i 2012 har vi som målsetjing å delta i fleire stafettar, også utanfor lokalområdet. Dette greidde vi ikkje dette første året, men det bør vere eit klart mål i åra som kjem. Vi merkar ei litt aukande interesse for friidrett på cupane, og dei som har lyst må få tilbod om å delta også utanfor nærområdet. Vi vil på vårparten forsøke å setje opp ei oversikt over ulike arrangement som kan vere aktuelle å melde seg på.

#### **Trening og aktivitet:**

Det vart også i fjor forsøkt ein felles oversikt over treningar og cupar. Cupane fungerte bra, men framleis dårleg oppmøte på treningane frå Valldal.

Når det gjeld deltaking utanfor lokalområdet har det vore labert også i 2012, men noko deltaking i bl.a. motbakkeløp har det likevel vore.

#### **Økonomi:**

Økonomisk vart det i 2012 eit underskot på kr. 4.453. Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2013.

Valldal 12. februar 2013

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Kjersti Magnussen, Lars Tomas Bersås, Håvard Sunde

# ÅRSMELDING 2012 VALLDAL IL LANGRENN

## 1. Innleiing

Skisesongen 2012 er over. Deltakinga i lokale renn og arrangement er god, men på krets nivå og høgare er oppslutninga frå Valldal ikkje så stor. Gledeleg er det at vi har stor breidde og bruk av lysløypa, spesielt gjennom den gode oppslutninga om skikafeen kvar torsdag i vintersesongen.

## 2. Organisering

### Styret:

Kristi Linge Stakkestad – leiar  
Aksel Indreeide – nestleiar  
Turid E. Løvoll – kasserar  
Jan Ole Fuglem – styremedlem  
Marian Myklebust Sunde – styremedlem

Anett Steinnes – 1. varamedlem  
Per Jomar Nerli – 2. varamedlem

Alf Hoel har fungert som oppmann (ikkje medlem av styret).

Valldal IL langrenn er medlem i Møre og Romsdal Skikrets og Møre og Romsdal Skiskytterkrets.

### Undergrupper:

#### Trakkemaskin

Aksel Indreeide (kontaktperson)  
Magne Hoel (koordinator)  
Fridjon Døving  
Jostein Gjerde  
Terje Hoel

#### Skikafè-/premiemnd

*Sesongen 2011/ 2012*  
Magnhild Grønningsæter  
Mette Hovden  
Turid E. Løvoll

*Sesongen 2012/ 2013*  
Marian Myklebust Sunde  
Anett Steinnes  
Barbro K. Sunde  
Ann Kristin Godø

#### Treningsnemnd

Jan Ole Fuglem  
Marian Myklebust Sunde  
Alf Hoel (*Sesongen 2011/2012*)  
Hans Martin Gjedrem (*Sesongen 2012/2013*)

**Utlån av ski**

Geir Myklebust

**Tilsynsgruppe lysløype**

Magne Hoel

Kjell Vad

Terje Nerhus

**Programbladnemnd**

Per Jomar Nerli

Turid E. Løvoll

Aud Lindis Ødegaard

### 3. Økonomi

Hovudtal	2007/2008	2008/2009	2009/2010	2011	2012
Inntekter	344 134	401 548	382 565	470 341	160 294
Utgifter	345 870	425 236	304 562	418 601	199 663

Det er også betalt avdrag på trakkemaskin på kr 25 236.

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 80 542 (pr 31.12.12).

I tillegg har langrennsgruppa verdier i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Gruppa/hovudlaget har no restgjeld på ca kr 25 000 i samband med kjøp av trakkemaskin. Denne vil bli nedbetalt i 2013.

**Viktige inntektskjelder:**

- Olsokarrangement (kr 10 000 + 24 000 (husleige internt), ikkje inntektsført)
- Sponsorar: H.L. Muri AS, Sparebanken Møre
- Programhefte (annonsesal – ca kr 24 000)
- Inntekter på arrangement: matsal, startkontingent
- Sal av julenek (kr 7 250)

**Dei største utgiftspostane:**

- Drift av utstyr og anlegg
- Reisekostnadar
- Startkontingentar
- Premiar

**Elektronisk tidtakingssystem**

Etter innspel frå langrennsgruppa gjekk VIL hovudlaget til innkjøp av Emit tidtakingssystem i januar 2012. Dette var eit "spleiselag" mellom langrenn, friidrett og hovudlaget.

Tidtakingsbrikkene blei brukt på cuprenn, Sparebanken Møre Cup, Jordbærdilten og Mefjellet Opp, og oppstarten vart vellukka. Kostnaden for utstyret inkludert 100 deltakarbrikker var om lag kr 100 000, og det er mottatt *Spelemidler til utstyr* og anna støtte til innkjøpet.

## **Olsok**

Styret i langrennsgruppa vedtok i desember 2011 å tilby hovudlaget å overta ansvaret for olsokarrangementet for ein prøveperiode på to år. Føresetnaden var at ein kom fram til ei god og rimeleg fordeling av arbeid og økonomi, slik at langrennsgruppa kan halde fram med eit aktivitetsnivå om lag som i dag. Dette ser så langt ut til å vere vellukka.

## **4. Aktivitet**

### **Trening**

Treningsopplegget har vore ganske likt det som har vore nytta dei siste åra. Om vinteren har det vore tre treningar for veka, ei i klassisk for 10 år og eldre, ei fristil for 10 år og eldre og skileik for 6-10-åringar.

Barmarkstreninga starta opp med miljøsamling i Tafjord siste helga i september. Laurdag var det to økter, og søndag var det fellestur til Reindalssetra i nydeleg haustver. Dette vart ein nyttig og god start på sesongen.

I oktober starta vi opp med barmarkstreningar for barn tysdagar. Med snøfallet som kom sist i månaden fekk vi ein rekordtidleg start på skisesongen, men etter nokre veker måtte vi legge vekk skia og ta fram att joggeskoa.

Innetrening på samfunnshuset og den uorganiserte barmarkstreninga (tysdagar i lysløypa) tok også til i oktober.

Det har ikkje vore organisert samarbeid med naboklubbane om fellestreningar. Dette håper vi at vi kan få til i 2013.

Treningsnemnda har ansvar for treningsoppsettet og har gjort ein god jobb med både tradisjonell og nyskapande aktivitet.

### **Skiskyting**

Styret har vedtatt å starte opp ei prøveordning med skiskyting for barn og unge. Nytt utstyr er kjøpt inn med støtte frå *Spelemidlar til utstyr*. Det er også søkt om midlar frå andre støtteordningar. Gruppa har frå før avtale med Noregs Skiskyttarforbund om leige av tre rekruttvåpen. Desse har vore lite brukt i seinare tid, men vi håper at dette skal endre seg no. Standplass skal tilretteleggjast på Myklebust, i nærleiken av lysløypa og hoppbakkane. Planlagt oppstart vinteren 2013.

### **Prosjekt Ski i skulen**

Langrennsgruppa har søkt og mottatt midlar for å tilby skiopplæring i skuletida til elevane ved Valldal skule vinteren 2013. Vi har tilbydd kvar klasse (1.-10.kl) inntil to økter i lysløypa, skyss, instruktør og bruk av klubbhuset er inkludert. Til dette har vi mottatt kr 16 000 frå Sparebanken Møre og kr 5000 frå Tafjordkonsernet.

### **Kretslag**

Valldal IL hadde i 2011/2012 ein løpar på kretslaget, Trond-Marius Vad. Frå sesongen 2012/2013 kom også Iver Matias Linge Glomnes med. Dette laget ser ut til å fungere bra. Dei er elevar ved Stranda skigymnas, som har eit nært samarbeid med kretslaget.

### **Storfjordlangrenn**

Vi hadde i 2011-2012 med ein løpar i Storfjordlangrenn, Iver Matias Linge Glomnes. Sesongen 2012/2013 er det ingen frå Valldal IL som er med.

### **Team Aker Solutions**

Hans Martin Gjedrem var tilknytt dette laget sesongen 2011-2012.

### **Materiell**

Langrennsgruppa disponerer ca 20 par skøyteski i lengder frå 145 til 170 cm til utlån. Skia er tenkt til aldersgruppa 8-12 år. Vi har og seks par rulleski til utlån.

### **Arrangement – skirenn**

Valldal IL arrangerte 25. mars **Sparebanken Møre cup i duatlon**, med 129 deltakarar. Dette var det sjette og avsluttande rennet i cupen, med påfølgjande utdeling av samanlagtpremiering på samfunnhuset. I duatlon er begge stilartar representert, klassisk først, så skibyte og avslutning med friteknikk. VIL fekk skryt for eit godt arrangement, og det i tillegg til at kretsen i fleire år på rad har lagt dette rennet til Valldal, tek vi som ein honnør til det gode arbeidet som blir lagt ned av mange dyktige og erfarne frivillige medhjelparar.

Søndag 29. januar var det **sonerenn** i Valldal. Sonerenna omfattar Stordal, Liabygda og bygdene i Norddal kommune. Rennet vart arrangert som skicross, der mange utfordringar som til dømes orgeltramp, portar, slalom, hopp og labyrint vart lagt inn i løypa. Ei spennande og anna form for skirenn for deltakarane. 93 deltakarar, hovudsakleg barn og ungdom, stilte til start og rennet var vellukka med mange positive tilbakemeldingar.

**Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen** er eit samarbeid mellom Valldal IL, Liabygda IL og Stordal IL. Seks renn vart arrangert, tre i Valldal og tre i Liabygda fordelt utover vinteren frå januar til mars. I 2012 var det 41 deltakarar som gjekk minst fire av renna slik at dei gjorde seg fortent til samanlagtpremie. Premiar frå Telenor blei utdelt ved deltaking i minst to renn og det var det endå fleire som oppnådde.

**Valldalsmeisterskapen** var lagt til palmesøndag 1. april. På grunn av ein mild mars månad såg det ei stund ut for at rennet måtte flyttast til Grønningsæter, men snøfall og låge temperaturar siste døgn berga løypene på Omenås. 95 deltakarar kjempa seg gjennom snøvær og problematiske smøreforhold i klassisk stil.

Dei klart største klassane i VM er barn under 8 år og herrar senior.

### **Skikafe**

Det var skikafe kvar torsdag frå nyttår og fram til påske. Dette er eit positivt tiltak med svært god oppslutning! Det er mange som nyttar denne kvelden til ein skitur og ein prat over

kakao- eller kaffikoppen etterpå. Det er eit godt system for arbeidsfordeling, så kafeane går om lag "av seg sjølv".

### **Vintertrim**

Det var som tidlegare år sett ut fire vintertrimpostar; Alstadsætra, Høgshaugen på Gjerde, Klovset og lysløypa. Postane stod ute til april, og premiar vart trekt mellom dei som hadde besøkt postane.

### **Skiskytingens dag**

Dette har ikkje vore markert dei to siste åra.

### **Marknad**

Sesongen vart avslutta med marknad på samfunnshuset der langrennsgruppa har sine oppgåver. Det var også premiering av Valldal-Liabygda cup og utdeling av uttrekkspremiar for vintertrimmen.

### **Sommararrangement**

Valldal IL (hovudlaget) arrangerte **Mefjellet opp** søndag 22. juli med god deltaking. Helga etter var det **Olsok** i Valldal. Ein tradisjon som har vart i 20 år. Dette året var det heile Valldal IL som stod bak arrangementet, men innhaldet var tradisjonelt, med rømmegraut, grillmat, vaflar og jordbær, Jordbærdilten, rullekistafett og underhaldning. Det økonomisk resultatet var godt, og gav kroner i kassa for laget.

## **5. Prestasjonar – resultat**

Valldal IL har dei siste åra vore representert på mange ulike nivå innan vinteridrett. Frå Europa-cup i skiskyting til Valldalsmeisterskapen i langrenn.

Hans Martin Gjedrem har stilt til start i skiskyting både her heime og ute i Europa.

I sesongen 2011-2012 deltok Trond Marius Vad, Lars Anders Hoel, Anne Kristin Hoel og Iver Matias Linge Glomnes både på krets nivå og i regionale og nasjonale meisterskap og cupar.

Mange små og store løparar har stilt til start på sonerenn, i Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen og i VM.

Ein gjeng damer frå VIL har dei to siste åra hatt ei god oppleving etter å ha delteke i det store jenteskirennet Ingalåmi på Lillehammer først i mars.

Mellom mange tusen deltakarar i Birkebeinarrennet fann vi også dette året ein minibusslast frå Valldal IL. Ambisjonane er ulike, men alle er nok godt nøgd når dei 54 kilometerane er unnagjort.

Fleire medlemmar deltek også på turrenn både regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og det er flott at Valldal IL er representert både her heime og ute i den store verda.

## 6. Avslutning

Mange har hatt gode treningsøkter og fine opplevingar i lysløypa i vinter. Sjølv om vi ikkje har så mange deltakarar i renn på krets nivå og høgare, så har vi god breidde av små og store som brukar løypene i vinterhalvåret. Det er flott at så mange er i fysisk aktivitet og finn glede i å gå på ski.

Vi ser også fleire unge og ivrige løparar som vi håper å sjå meir til framover, og vi håper og ønskjer at skisport i Valldal vil stå sterkt også i tida som kjem. Det er plass til fleire, både i lysløypa og på treningane.

**Til slutt vil vi rette ein stor takk til alle som har hjulpet og støtta oss på ulike måtar det siste året. Utan innsatsen dykkar hadde det ikkje gått!**

**Dette gjer at vi framleis har ei sterk og livskraftig langrennsgruppe i Valldal IL som kan gjennomføre små og store arrangement.**

Valldal IL langrenn, februar 2013

Styret

Kristi Linge Stakkestad

Aksel Indreeide

Turid E. Løvoll

Jan Ole Fuglem

Marian Myklebust Sunde

Vara: Anett Steinnes og Per Jomar Nerli

# ÅRSMELDING 2012 TRIMGRUPPA VALLDAL IL

Styret for 2012 var sett saman slik:

Leiar:	Dagrunn Rem (siste av 2 år)
Nestleiar og skriverar:	Nelly Ytterli (første av 2 år)
Kasserar:	Lillian Hoel Cousens (siste av 2 år)
Styremedlem:	Odd Martin Hoel (første av 2 år) Borghild Ruset (første av 2 år)
Varamedlem:	Svein Ove Døving (for 1 år) Liv Hanne Svensvik (for 1 år)
Valnemnd:	Kjell Hoel (1 år igjen), Linda Myren (1 år igjen)
Repr. Til hovedstyret:	Dagrun Rem/Lillian Hoel Cousens
Repr. Til Jordmormarsjen:	Dagrunn Rem/ Nelly Ytterli

Det har vore fleire styremøte gjennom året, i tillegg ein del kontakt styret i mellom på telefon.

## **Aktivitetar gjennom året:**

### **Sykeltrim 1. mai**

Kjempefint ver og svært godt frammøte. 89 starta frå sylte og 118 frå Gudbrandsjuvet. Vi flytta ut bord og stolar og selde vaflar, pølser, kaffi, is og brus frå kiosken. Hadde hinderløype for dei spreke. Hovudpremien var som vanleg ein sykkel og vi hadde fleire småpremiar.

### **Vekas tur i Samarbeid med God Helse**

21. juni - Oppmøte fjørå kai. Almdalen – Solbakken – Brattli – Sætra. God deltaking. Turleiar: Nelly Ytterli.

16. august - Tur til Illstigvatnet i Storkaldhusdalen. 12-14 deltakarar. Kveldstur. Turleiar: Borghild Ruset.

### **Jordmormarsj 11. august**

VIL trimgruppa sat i styret saman med Eidsdal/Norrdal Røde kors, Eidsdal Helselag, EIL og NIL. Vi hadde ansvar for tre frukt og drikkestasjonar (Onilsavatnet, Tafjord Friluftsbad og Skjegghammaren) To stk. var i Muldalsvika og tok imot påmelding. Hjelppte også til med sal av pølser og trekking av gåvepremiar.

### **Trimpostane 2012**

Det har vore god oppslutning om trimpostane i år. Har hatt ulike trimkort for vaksne og barn. Alle barn som har gått til minst 6 postar vart premierte. Elles premiering til den som har flest poeng i kvar klasse + 2 uttrekkspremiar blant dei vaksne. Storfjordnytt trykte opp turkorta, medan flygeblad med kart og omtale av turane vart kopiert på Norrdal Rekneskapskontor. Distribusjonen av desse vart gjort på dugnad av styremedlemmane. Turkorta vart selt på Rimi og Spar.

### **Nyttårsmarsj 1. januar 2013**

Ca. 50 deltakarar i regn og på glatte vegar. Sal av faklar, kaffi, vaflar og saft på Ystereiten Grendahus p.g.a. oppussing av kjøkkenet på klubbhuset. Gåvekort på 250,- og mange småpremiar.

### **Møter i hovudstyret 2012**

Ein representant frå trimgruppa har møtt på alle møter i hovudstyret.

Valldal 13.02.13

Trimgruppa i VIL, Styret